STATENS NATUR OPPSYN

Rapport 33 - 2006

Fjellheimen villreinområde

Oppsynsrapport frå villreinjakta 2006




Foto: Terje Haugland

SNO, Direktoratet for naturforvaltning

Føreord.

Statens naturoppsyn har for jakta 2006 vore førespurd frå villreinutvalet i Fjellheimen om å koordinera og leia oppsynstenesta under villreinjakta i Fjellheimen villreinområde.
Oppsynet har vore løyst med at det har delteke 5 personar frå lokalt oppsyn, engasjert av villreinutvalet. SNO har delteke med 7 personar fordelt gjennom heile jaktperioden. I tillegg har det både før og etter jakta vore samarbeid med representantar frå lokalt politi.
Villreinutvalet har opna for jakt frå 20.august til 20 september.
Fjellheimen villreinområde er administrert gjennom tre vald.
Det var utdelt 134 løyve. Det er felt 77 dyr, som gjer ein fellingsprosent på 57.

Aurland 2006-11-02

Rein-Arne Golf

Leiar for jaktoppsynet i Fjellheimen villreinområde

Informasjon.

Informasjonsfoldaren ”Villreinjakt – Ditt ansvar som jeger”, vart delt ut til jegerane i området. Denne foldaren vart utvikla og tilpassa Fjellheimen Villreinområde i 2005.

Villreinutvalet har ein infotelefon til jegerane som dei har brukt som orientering til jegerane om observasjonar av reinsflokkane under jakta. Denne telefonen bør også brukast aktivt av jegerane til å gje tilbakemeldingar frå jakta, til utvalet.

Det er sendt ut eige infoskriv frå oppsynsleiar til oppsynsmannskapet før jaktstart.

Det er trong for å informera meir ut til jegerane i området om handsaming av skada vilt eller funn av fallvilt.

Mannskap.

Oppsynstenesta har vore løyste med lokalt mannskap engasjert av villreinutvalet og tilsette hjå statens naturoppsyn.
Samarbeidet med Politiet har vore løyst med at det har vore halde eige møte den 17. aug. og eit oppsummeringsmøte etter avslutta jakt den 18.okt. På desse møta har lokale lensmannskontor, valdleiar, villreinnemnd og oppsynsmannskap vore innkalla.
Møta har vore halde på Voss Lensmannskontor. Miljøkontakt, Jens Petter Gravning har vore vår kontakt der.
Politiet har ikkje delteke i felt under årets jakt.

Oppsynspersonellet bør få eit tilbod om kurs og kvalitetssikring av tenesta til neste jaktsesong. Innhaldet i kurset bør bl.a. tilfredstilla krav som kan kvalifisera oppsynspersonellet til begrensa politimynde (BP).

Namn	
Leif Kåre Ekse	Lokalt oppsyn
Arne Nesheim	Lokalt oppsyn
Jon Arne Himle	Lokalt oppsyn
Odd Sagen	Lokalt oppsyn
Kåre Olav Årmot	Lokalt oppsyn
Tore Gundersen	SNO
Nils Kvamme	SNO
Egil Soglo	SNO
Sverre Tveiten	SNO
Terje Haugland	SNO
Arne J. Mortensen	SNO
Rein-Arne Golf	SNO

Tabell 1. Oversikt av mannskap

Utført oppsyn.

Lokalt oppsyn har utført totalt 139 timar i felt og SNO tilsette har vore 236 timar i felt. Til saman vert dette 375 timar.
Villreinområdet er delt i tre vald. Stølsheimen på 1024,7 km2, Austfjelli- Vik på 377,7 km2 og Fresvikhalvøya på 148,2 km2 som teljande areal. Totalt 1550,6 km2.
Det har vore samjaktavtale mellom valda Stølsheimen og Fresvikhalvøya.

Tal timar i felt	
Lokalt oppsyn	139
Statens naturoppsyn	236
Politi	0
Sum	375

Tabell 2. Oppsynstimar i felt under villreinjakt i Fjellheimen

I år delte villreinnemnda ut kontrollkort til dei tre ulike valda etter ein avtale om samjakt. Denne avtalen vart det gått tilbake på av valda før jakta starta. Med underkjent avtale, vart dei korta som var tildelt Stølsheimen, gjort ugyldige og det vart levert ut nye kort til Stølsheimen etter likt teljande areal hjå alle tre valda.
Dei ugyldige korta kom inn til nemnda før jaktstart, utan om eitt. Oppsynet fekk derfor ekstra tilsyn med å kontrollera at det ugyldige kortet ikkje var i bruk.
Ugyldige kort vart ikkje registrert under jakta.

I hovudsak har jaktutøvinga vore god. Det er registrert få tilfelle av uheldige jegerkonsentrasjonar og få meldingar om inhuman jakt. Reinsflokken er roleg, men har lett for å gå tett når den vart jakta på.
Reinsflokken har også i år under jakta halde mykje til i Austfjelli-Vik. Noko som fører til at løyva frå Stølsheimen er vanskelegare å fella dyr på.

Samband mellom jegerane kan verta betre om dei brukar felles sambandsutstyr.
Dette for å unngå at jegerar øydelegg jakt for kvarandre.

Jegerane i området ser ut til å ha noko dårleg informasjon om handsaming av skada vilt eller funn av fallvilt. Det bør gjerast betre kjent i området om korleis dette skal løysast.

- Jeger tek skada felt vilt på rett kort for rett dyr, på rett vald, når han har høve til det.
- Om ikkje, varsla oppsyn før han byrjar å transportera det ut or terrenget.
- Om ikkje, ta vare på dyret, ta ut innmat, kjøla ned skrotten og steina det ned og merkar plassen. Meld så i frå til oppsyn og/eller viltforvaltar i vedkomande kommune.

Prioriteringane til oppsynet

Oppsynet under jakta har vore prioritert med å vera tilstades og synleg i området, med vekt på helgane. Fokus har vore på inhuman jakt. Dette for å sikra at jaktuttaket føregår mest mogleg humant og utan at reinsdyra vert stressa meir ein naudsynt. Oppsynet har ikkje rapportert om hendingar som kan skuldast inhuman opptreden frå jegerane.
Frå oppsynet si side er det eit ynskje om godt samarbeid mellom valda, slik at ein unngår konkurranse mellom jegerane i grenseområda til dei tre ulike valda i området.
Det ser ut som om jegerane i området har gode rutinar med å ha med seg naudsynte papir og dokumentasjon etter lover og forskrifter.

Kontroll statistikk.

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Sum
Tal timar i felt	30	30	46	46	33	35	16	42	18	32	35	12	375
Set ca. tal rein	350	-	860	-	700	521	-	13			92		2536
Tal kontrollerte jegerar før felling			1	-	3	1		3	1				9
Tal kontrollerte jegerar under slakting			1	-	2						2	1	6
Tal kontrollerte jegerar under transport			2	-		2	-						4
Tal fall sett, men ikkje kontrollert	3	-			1			2			1		7
Tal skada dyr sett av oppsyn *												**1***	**1***
Tal skade dyr avliva av oppsyn *													
Tal skada dyr avliva av jeger *						1	-					**1***	1
Tal dyr funnet døde *													
Tal uregelmessigheiter med kort													
Tal uregelmessigheiter med våpen													
Tal tilfeller av uforsvarleg skyting													
Totalt tal rapporter													
Totalt tal OPS-saker													
Totalt tal saker meldt til politiet													
Merknadar. info			18			9							

Tabell 3. Oppsummering av kontrollar og reaksjonar. **1* Gammal naturleg skade.**

Nattfreding.

Villreinutvalet har hatt freding for jakt mellom kl. 1900 og 0700. Det er ikkje registrert brot på fredinga.

Utfordringar.

Dei generelle utfordringane for villreinstammen i Fjellheimen er at ein har god dokumentasjon på arealbruken til stamma gjennom året og at denne kunnskapen vert brukt av forvaltninga.
Fjellheimen har lite lav for vinterbeite. Samstundes er det årleg mykje snø og fare for nedising av beiteområda mot vest. Med ei vinterstamme på om lag 500 dyr delt inn i tre delområde, Vikafjellsflokken, Volaflokken og Kringsdalsflokken er det viktig at reinen kan bruka dei ulike delene av areala som er tilgjengeleg til ei kvar tid.
Hyttebygging, i sentrale trekkvegar for reinen, er med å forsterkar trongen for at villreinen i området får den merksemd som er naudsynt for å ivareta leveområda.
Hovudflokken i Vikafjelli bør ha gode trekkvegar mellom austlege og vestlege deler av Fjellheimen villreinområde.